



SELJE KOMMUNE

Driftsutvalet

Møtebok

Møtedato: 07.11.2011

Møtetid: Kl. 14:00 – 17:45

Møtested: Kommunehuset

Saksnr.: 046/11 - 050/11

Følgjande medlemmer møtte

KRF: Stein Robert Osdal. TP: Gunnar Silden, Stine Aase Myhre, Terje Ødegård.

FRP: Marit Swensen, Svein Hansen. H: Eva Janne T. Årvik

Følgjande medlemmer møtte ikkje

Ingen

Følgjande varamedlemmer møtte

Ingen

Følgjande frå administrasjonen møtte

Rådmann Reidar Sandviknes. Kommunalsjef Oppvekst Bård Fløde førte møteboka.

Merknad til innkallinga

Ingen

Merknad til saklista

Ingen

7 voterande.

Orienteringar:

Møtet starta med orientering frå fylgjande avdelingar:

- Brann v/ Steinar Hatlelid
- Eignedom v/Merete Nerland
- Oppvekst v/Bård Fløde
- Kultur og Næring v/Bård Fløde
- Familie og Velferd v/Bård Fløde
- Seljetunet v/Ragna Haaland
- Open omsorg v/Åshild Bruland
- Psykiatri og vernepleietenesta v/Hans Olav Henden

Rådmann: Orientering om budsjett 2012

Følgjande saker vart handsama

Sak nr.	Sakstittel
046/11	Godkjenning av møtebok
047/11	Delegasjonssaker
048/11	Referatsaker
049/11	Førespurnad om kjøp av tilleggsareal ved Leikvang barnehage
050/11	Stadlandet Oppvekstsenter avd Leikvang barnehage - påbygg / rehabilitering

Tilleggsaker: Ingen

Utskrift protokoll: Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar

Utskrift møtebok: Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

Signatur: _____



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	07.11.2011	046/11

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 11/953
---	----------------------	-----------------------------

Godkjenning av møtebok

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Møteboka frå møte 29.08.11 vert godkjent slik den ligg føre.

Handsaming i Driftsutvalet - 07.11.2011

7 voterande.

KU-046/11 VEDTAK

Møteboka frå møte 29.08.11 vert godkjent slik den ligg føre.
Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	07.11.2011	047/11

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 11/951
--------------------------------------	---------------	----------------------

Delegasjonssaker

DKU. 075/11: Gbnr. 57/46 - Byggsak - tilbygg bustadhus - Vinterhage - Geir Johnny Rye

DKU. 077/11: Hjortejakt 2011 - klage Sneide - Enerhaug jaktvald

DKU. 078/11: Gbnr. 45/66 - Utsleppsløyve - Servicebygg ved Ervik kyrkje - Fellesrådet

DKU. 080/11: Gbnr. 89/111 - Byggsak - Fritidsbustad - Bent Ødegård

DKU. 082/11: Gbnr. 54/4 - Byggsak - naust - Kåre Arvid Lund

DKU. 083/11: Gbnr. 32/6 - Byggsak - Oppstilling av boligbrakke - Ivar Hoddevik

DKU. 084/11: Gbnr 21/14 - Byggesak - utviding båtslipp - Stadtlandet Båtlag L.L

DKU. 086/11: Gbnr. 17/3 - Søknad om endring av løyve til tiltak - Driftsbygning, sauefjøs - Dagrun Prestvik

DKU. 087/11: Gbnr.56/156 - Byggsak - Byg.tekn.installasjon - brannalarmanlegg - Rune A. Liseth

DKU. 088/11: Gbnr 59/1 - Byggsak - gittermast for testsendring - Paneda A/S

DKU. 089/11: Gbnr. 89/155 - Byggsak - bustad - Roger Nygård og Mary Nyheim

DKU. 090/11: Gbnr. 56/97 - Byggsak - tilbygg tak over terrasse - Jon Arve Trandal

DKU. 091/11: Gbnr 50/13 - Konesjjon - Erik Brede Berglund og Elisabeth Mamin Eftevand

DKU. 094/11: Motorferdsel i utmark - landing helikopter - Årdalens venner

DKU. 095/11: Gbnr. 58/81 - Byggsak - Igangsettingsløyve bustadhus - Sondre Otnes

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Driftsutvalet - 07.11.2011

7 voterande.

KU-047/11 VEDTAK

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.
Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	07.11.2011	048/11

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 11/952
--------------------------------------	---------------	----------------------

Referatsaker

Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	11/4705	I	23.09.2011	Stadlandet Ungdomslag	Søknad om refusjon av utlegg til asfaltering - Blikken Ungdomshus
2	11/4736	I	29.09.2011	Sondre Otnes	Søknad om omklassifisering av privat veg
3	11/4973	I	13.10.2011	Øvre Sjøstad Byggefelt	Vdk. asfaltering - Øvre Sjøstad byggefelt
4	11/4822	I	06.10.2011	Fjord 1	Parkeringsplass bussar i Selje - Fjord 1

Tilleggsreferat:

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Driftsutvalet - 07.11.2011

7 voterande.

Tilleggsreferat:

5. Utviding av brenntid gatelysa i Selje kommune. E-post, dat. 02.11.11 frå Gunnar Silden.

6. Rydding av skog ved rasteplass/utsiktspunkt Manseidet. Brev, dat. 26.10.11 frå Venner av Selje Kloster.
7. Svein Hansen: Melding om fukt på/i veg ved "Danseflaken" ovanfor privat byggefelt Djupedalen.

KU-048/11 VEDTAK

1. Teke til vitande.
2. Teke til vitande.
3. Teke til vitande.
4. Teke til vitande.
5. Teke til vitande.
6. Teke til vitande.
7. Driftsutvalet ber avd. Kommunalteknikk om ei utgreiing vedk. fukt på/i veg ved "Danseflaken" ovanfor privat byggefelt i Djupedalen.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	07.11.2011	049/11

Sakshandsamar Merete Nerland	Arkiv GBNR-, GBNR-, FE-611	Arkivsak 11/947
---------------------------------	-------------------------------	--------------------

Førespurnad om kjøp av tilleggsareal ved Leikvang barnehage

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	20.08.2011	Jarle Honningsvåg	Søknad om kjøp av tilleggsareal

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
24.08.2011	Søknad om kjøp av tilleggsareal	28665

Saka gjeld

Førespurnad om kjøp av tilleggsareal ved Leikvang barnehage.

Opplysningar til saka

Jarle Honningsvåg har sendt ein førespurnad om å få kjøpe eit 3-4 m breitt areal i lengde av om lag 144 meter (575 m²), sjå vedlegg. Området er i dag regulert til allmenntilgjengelege føremål (barnehage) og sport/idrett.

Førespurnaden har vore sendt til uttale til tenesteleiar for Stadlandet oppvekstsenter og til styrar i Leikvang barnehage. Dei kom med følgjande merknad:

- *Vi må være sikker på at sal av tilleggsareal ikkje kjem i konflikt med ei evt. utbygging av barnehagen.*
- *Barnehagen har vore ein del plaga av eksos og støy frå drift på naboeigedommen til Jarle Honningsvåg (JH). Dette er blitt litt betre no, men kan ein stille krav om dette ved eit evt. sal?*
- *Er det mulig for JH å trekke eit evt. bygg vekk frå grensa slik at han ikkje har behov for å kjøpe tilleggsareal frå kommunen?*
- *Kommunen bør ikkje selje areal heilt inn til gjerdet til barnehagen. Vi må sikre oss mot støy og eksos heilt inn til barnehagen. Er redd for at eit sal som omsøkt kan kome i konflikt med barnehagens interesser og gode forhold for barna i barnehagen.*

Finansiering

Kjøpar må bære alle kostnadar ved eit evt. sal.

Sakshandsamar si vurdering

Selje kommune er inne i ein prosess kor ein ser behovet for utviding av Leikvang barnehage for å få plass til å ta imot barna som har behov for barnehageplass. Før ein er kome i mål med den prosessen, bør ein ikkje selje areal ved Leikvang barnehage.

Konklusjon

Selje kommune bør ikkje selje areal ved Leikvang barnehage som omsøkt.

Saksgang

Driftsutvalet kjem med tilråding til kommunestyret, som gjer endeleg vedtak i saka.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Selje kommune ønskjer ikkje å selje ømsøkte område.

Handsaming i Driftsutvalet - 07.11.2011

7 voterande.

Framlegg frå Driftsutvalet:

- 1.Selje kommune ønskjer for tida ikkje å selje ømsøkte område.
- 2.Driftsutvalet vil komme tilbake til denne saka når kommunen har bestemt seg i saka om nytt tilbygg på Leikvang barnehage.
- 3.Driftsutvalet ber om at søkjar sender ein ny søknad med utfyllande og detaljerte opplysningar om sine byggeplaner.

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 0 røyster.
Framlegg frå Driftsutvalet fekk 7 røyster - Samrøystes.

KU-049/11 FRAMLEGG

1. Selje kommune ønskjer for tida ikkje å selje ømsøkte område.
2. Driftsutvalet vil komme tilbake til denne saka når kommunen har bestemt seg i saka om nytt tilbygg på Leikvang barnehage.
3. Driftsutvalet ber om at søkjar sender ein ny søknad med utfyllande og detaljerte opplysningar om sine byggeplaner.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	07.11.2011	050/11

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Bård Fløde	FA-A10	11/868

Stadlandet Oppvekstsenter avd Leikvang barnehage - påbygg / rehabilitering

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	21.09.2011	Foreldreutvalget Leikvang barnehage	Utilfredstillande forhold ved Leikvang barnehage - Stadlandet oppvekstsenter.
2	U	17.10.2011	Foreldreutvalet i Leikvang barnehage	Svar til foreldreutvalet i Leikvang barnehage

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
19.10.2011	Tilbygg Leikvang barnehage Stadlandet oppvekstsenter.docx	29921

Saka gjeld

Behov for tilbygg og rehabilitering i Stadlandet Oppvekstsenter avdeling Leikvang barnehage.

Opplysningar til saka

Auka inntak av born , stadig yngre born og meir bruk av hele plassar, fører til plassmangel i Leikvang barnehage (Stadlandet Oppvekstsenter, avdeling barnehage – Leikvang). Barnehageåret 2010/2011 møtte barnehagen plassmangelen med utstrakt bruk av ”utebarnehage”, dvs borna var ute store delar av dagen gjennom heile året. Evaluering av denne ordninga, gjorde at ein innsåg at ein treng meir areal. I mangel på eige areal, leiger ein no to dagar i veka i underetasjen i ”gamleskolen” – Nordstranda kulturhus. Dette er ikkje god løysing, då uteområdet ikkje er tilrettelagt.

Det er i dag om lag 30 plassar i barnehagen. Barnehagen vart opprinneleg bygd for 18 plassar. Med bruk av ekstraareal som vart tilbygd for funksjonshemma, har ein kunne ta inn noko meir enn dette.

Tilveksten av born er god i krinsen, og behovet for auka areal er dermed akutt.

Barnehageplass er ein svært viktig føresetnad for befolkningstilvekst og rekrutteering, og dette er difor ei viktig og naudsynt investering for å auke tal innbyggjarar i kommunen.

I tillegg til manglande areal til barnehagedrifta, er tilhøva for dei tilsette for dårleg i eksisterande barnehage. Personalrommet er altfor lite, og blir i dag delvis nytta som lager. Toalett-/garderobetilhøva er heller ikkje tilfredsstillande.

I samband med Fylkesmannen sitt tilsyn med barnehagane i kommunen i 2010, må Selje kommune gjennomføre godkjenning av alle barnehagane – også Leikvang. Som ein del av denne godkjenninga, skal arbeidstilsynet inn og godkjenne tilhøva.

Foreldreutvalet i barnehagen har skrivne brev til Selje kommune om dei manglande plasstillhøva i barnehagen, og ber om at Selje kommune gjer noko med situasjonen.

Driftsutvalet var på synfaring i barnehagen før sommarferien 2011.

19. september møttest representantar for foreldra, rektor og barnehagefagleg ansvarleg, leiar for Eigedom og kommunalsjef for oppvekst og kultur i barnehagen for å drøfte tilhøva.

Med utgangspunkt i denne drøftinga, har rektor og barnehagefagleg ansvarleg laga denne behovslista i høve trong for nytt areal/ rehabilitering/ endra bruk:

Vi ser for oss eit tilbygg i vinkel på eksisterande bygg. Eksisterande garderobe vert forlenga inn i nybygget, men med ei dør som skil gammal avdeling frå ny. Det bør også vere inngang til nybygg frå vest. Rommet lengst nordaust i eksisterande bygg vert tatt inn i den nye avdelinga.

Personalavdeling skal liggje i den nye avdelinga. Noverande kontor og personalrom blir tatt i bruk som lagerplass.

Vi ser fylgjande behov:

- *Småbarnsavdeling til 9 barn*
- *Leikeareal inkl kjøkenkrok 47 m² (i tillegg kjem 10m² i gammalt bygg)*
- *Stellerom, handikaptaolett, toalett 20m²*
- *Garderobe (våt/tørr i same rom) 25m²*
- *Personalavdeling med kontor for leiar (10m²), møterom med 3 kontorplassar (20m²), pauserom med kjøkenkrok (14m²), toalett og garderobe for tilsette (ca 14m²)*

Samla arealbehov er her 150 kvm. Då kostnadane for rehabilitering er nær dei same som for nybygg i eit slikt bygg i éi etasje, må vi rekne kostnaden for 150 kvm som det samla investeringsbehovet.

Lover/regelverk

Lov om barnehagar

Arbeidsmiljølov

Lov om miljøretta helsevern i skular og barnhagar

Finansiering

Låneopptak

Sakshandsamar si vurdering

Det må gjerast vedtak om oppstart av eit byggeprosjekt for tilbygg og rehabilitering i Stadlandet Oppvekstsenter avdeling Leikvang barnehage.

Det skal gjerast eit forprosjekt som utreiar prosjektet. Det skal setjast ned ei prosjektgruppe med 1-2 politiske representantar og med deltaking frå brukarane. Driftsutvalet bør komme med ei tilråding til kommunestyret om samansettinga av prosjektgruppa.

Med bruk av tilgjengelege indeksregulerte kostnadstal for barnehagebygg, er det her tale om eit *investeringsbehov på 6,3 millionar kroner*. For å komme godt i gong med prosjektet, bør det først løyvast midlar til eit forprosjekt. Det bør så avsettast 4 millionar kroner på investeringsbudsjettet for 2012. Vidare bør det avsettast 2 millionar kroner på investeringsbudsjettet for 2013. Endelege byggebudsjett vert å komme attende til når ein har køyrd forprosjektet og får inn anbod på arbeidet.

Saksgang

Kommunestyret gjer vedtak

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

1. Kommunestyret løyver 300.000 kr til eit forprosjekt for tilbygg/ rehabilitering i Stadlandet Oppvekstsenter avdeling Leikvang barnehage.
2. Det vert utnemnd ei prosjektgruppe for prosjektet, beståande av:
 - Prosjektleder (oppnemnst av rådmannen)
 - Tenesteleder Stadlandet oppvekstsenter
 - Barnehagefagleg ansvarleg Leikvang barnehage.
 - Tenesteleder eigeidom.
 - 1-2 stk. politisk valte representantar.
 - Kommunalsjef oppvekst og kultur (ved behov).
 - Reinholdar Leikvang barnehage (ved behov).
 - Foreldrerepresentant Leikvang barnehage (ved behov)
 - Tillitsvald Leikvang barnehage (ved behov).
3. Det vert sett av 4 millionar kroner på investeringsbudsjettet for 2012 og 2 millionar kroner på investeringsbudsjettet for 2013.

Handsaming i Driftsutvalet - 07.11.2011

7 voterande.

Framlegg frå Driftsutvalet:

Som tilrådinga frå administrasjonen med tillegg av pkt. 4. som lyder:

Politisk valde representantar:

1. Stein Robert Osdal
2. Eva Janne T. Årvik

Røysting:

Framlegg frå Driftsutvalet fekk 7 røyster – Samrøystes.

KU-050/11 FRAMLEGG

1. Kommunestyret løyver 300.000 kr til eit forprosjekt for tilbygg/ rehabilitering i Stadlandet Oppvekstsenter avdeling Leikvang barnehage.

2. Det vert utnemnd ei prosjektgruppe for prosjektet, beståande av:

- Prosjektleder (oppnemnst av rådmannen)
- Tenesteleder Stadlandet oppvekstsenter
- Barnehagefagleg ansvarleg Leikvang barnehage.
- Tenesteleder eigeidom.
- 1-2 stk. politisk valde representantar.
- Kommunalsjef oppvekst og kultur (ved behov).
- Reinholdar Leikvang barnehage (ved behov).
- Foreldrerrepresentant Leikvang barnehage (ved behov)
- Tillitsvald Leikvang barnehage (ved behov).

3. Det vert sett av 4 millionar kroner på investeringsbudsjettet for 2012 og 2 millionar kroner på investeringsbudsjettet for 2013.

4. Politisk valde representantar:

1. Stein Robert Osdal
2. Eva Janne T. Årvik

